

# Edvard, Hans og Slaktar-Jo

## Eit glimt frå innsamlingsarbeidet til E. Langset



Av Kenneth Kiplesund  
Uavhengig journalist og skribent

Denne artikkelen er basert på ein tekst som vart publisert i «*Du mitt Nordmøre*» i 2010. Lettare omarbeidd for publisering i *Folkeminner*.

I 2005 kjøpte eg boka ”*Segner-gåter-folketru frå Nordmør*” av Edvard Langset, utgjeve av NFL i 1948. Her fann eg eit artig lite dikt/ei vise med tittelen ”*Slaktar-Jo*”. Eg vart overraska då eg såg etter bak i boka: Der stod det at informanten for dette diktet var Hans Ruø, frå heimkommunen min Aure. Eg vart nysgjerrig på å finna ut meir rundt diktet; om innsamlaren, informanten og kanskje også om slaktaren. Opplysningar har eg m.a. fått gjennom intervju med Hans Ruø jr. og Johannes Ruø (søskenbarn til Hans Ruø jr.).

Edvard Langset (1867-1924) var fødd i Straumsnes i noverande Tingvoll kommune. Yrket hans var lærar, og han var også ein ivrig folkeminnesamlar. I 1910 publiserte han boka ”*Fraa Nordmør*”. Dette var ei samling med segner, eventyr og gamle lækjarråd. I 1917 fekk Langset statsstipend for å samla inn folkeminne, og i 1921 gav NFL ut samlinga ”*Folke-eventyr fraa Nordmør*”. Langset samla inn materiale frå omtrent alle kantar av Møre og Romsdal, og han var også innom grensebygdene i Sør-Trøndelag for å samla inn stoff. I

arkiva hjå NFS finst det om lag 3500 sider med Nordmørs-stoff som Langset samla inn, og dette er enno ikkje publisert.

Hans Ruø (1878-1968) var fødd på Ruøya i Aure kommune. Foreldra var Johannes Svendsen Ruø og Marit Johannesdotter Ramsvik. I 1903 starta Hans som lensmannsbetjent hjå Aure-lensmann Angell Landmark (1867-1939). Intervjuet som gav grunnlag for oppskrivninga av ”*Slaktar-Jo*” vart gjort 4. juli 1915. Vi finn ikkje noko bakgrunnsinformasjon om dette diktet, så vi veit til dømes ikkje kven Ruø har høyrte det av.

I 1925 byrja Ruø som lensmann på Frøya i Sør-Trøndelag, og i mai 1940 var han aktivt med i aksjonen for å få transportert Noregs Bank sitt gull-lager over til Storbritannia. Han fekk mellom anna rekvirert to større fiskeskøyter frå Frøya, og desse vart bruka til å frakta gullet til Tromsø. Ruø vart eit irritasjonsmoment for den tyske okkupasjonsmakta på Frøya, og han vart etter kvart forvist til Aure. Men han drog titt og ofte attende til Frøya berre for å terga tyskarane, utan at dette utløyste tyske reaksjonar av noko slag. Då krigen var slutt, kom Hans attende til Frøya og stillinga som lensmann. Hans Ruø vart pensjonert i 1948. Då selde han huset sitt

på Frøya, og flytta saman med kona Valborg til Aure.

Eg har prøvd å finna ut kven denne ”Slaktar-Jo” kunne ha vore for ein kar. Folkelege dikt, songar og regler har jo ofte opphav i verkelege personar og hendingar, jmf. skillingsvisene. Men desse undersøkingane har det i grunnen kome lite konkret ut av. Namnet Jo (Jon) har vore temmeleg vanleg på våre kantar, og i tidlegare tider var det ganske mange bygdeslaktarar rundt om i grendene. Kanskje er det ein av desse diktet handlar om. Det er i alle høve mykje sannsynleg at denne slaktaren var frå ytre Nordmøre. Vi ser at han ”sigla te Brattværsland” i fylgje siste strofa i diktet, og då er det nok Brattværet på Smøla det er tale om.

Her kjem diktet om ”Slaktar-Jo”, slik det stod på trykk i ”Segner-gåter-folketru frå Nordmør”. Innhaldet minner mykje om det ein kjenner frå visa ”Og mannen han gjekk seg i vedaskog”, som mange har sunge i si skuletid. Den mannen nytta kråka til siste trevl: Klørne brukte han til møkkagreip, nebbet til kyrkjebåt o.s.b. Så oppfinnsam er ikkje han Jo når han skal nytte ut kua si. Men fellestrekk er det.

Han Jo la kua åt sleå ålein,  
”No glømt e vel tå kniven min heim”,  
sa ’n Slaktar-Jo.

Han Jo flådd kua vel te mul,  
”No ska ’å Eli bli feit te jul.”  
sa ’n Slaktar-Jo.

Han Jo, han gjor se pøls for se sjøl.  
”Med ti våg talg, å tolv våg mjøl,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

Å pølså va gjor tå lever og nyr,  
”Med taljen i pølsånn vinn e vel styr,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

Føt’n å innvol’n ska saltas med grein-  
”Dem ska e gjøm ni bommånn min heim,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

Honna dem va både krokåt å skeiv.  
”Dem ska e vel ha te slipsteinsveiv,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

”Tå rompånn bitt e me tju silhår. \*  
”Dem ska e vel sæl ut i vår,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

Han Jo, han sigla te Brattværsland.  
”Da kom kjerringann på havsens sand,”  
sa ’n Slaktar-Jo.

### Skriftlege kjelder

Du mitt Nordmøre 1992

Fugelsøy, Mauritz (1955): Frøyaboka  
Harnes, Per Arnt (2006): Gulltransporten –  
dramaet dag for dag

NSD (2010): Politikerarkivet 1814-1905,  
<http://www.nsd.uib.no/storting/> (lesedato:  
12.02.2013)

Utne, Olve m.fl. (2008): Edvard Langset,  
[http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Edvard\\_Langset](http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Edvard_Langset) (lesedato: 12.02.2013)

Øksendal, Asbjørn (1974): Gulltransporten

---

\* I fleire eldre ordsamlingar (m.a. frå Surnadal) blir det opplyst at silhår var hår av ku-halen som dei fletta saman, la nedi tre-silen, og sila mjølka igjennom.